

Olav Kåre Tykhelle  
Mongstadvengen 162 A  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/16063 - 20/67815

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
29.10.2020

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 118/1 Tjukhelle

**Tiltak:** Redskapslager  
**Byggjestad:** Gbnr: 118/1  
**Tiltakshavar:** Olav Kåre Tykhelle

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 24.09.2020.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Omsøkte tiltak gjeld tilbygg til garasje. Garasjen har ikkje bygningspunkt i matrikkelen, og vi kan ikkje sjå av kommunen sitt arkiv at garasjen er omsøkt og godkjend. Vi ber om at det vert gjort greie for når garasjen vart oppført, og om det ligg føre løyve, eller om garasjen er oppført på eit tidspunkt der han ikkje var søknadspliktig. Dersom garasje krev eige løyve og det ikkje kan dokumenterast at løyve er gitt, må garasjen også inngå i søknaden.
2. Omsøkt tiltak er ikkje i samsvar med plangrunnlaget. Eigedomen er i kommunedelplanen for Lindås 2019 – 2031 avsett til LNF-føremål. I desse områda er det berre opna for etablering av nødvendige tiltak knytt til aktiv gardsdrift. Etter det vi kjenner til er det ikkje aktiv gardsdrift på eigedomen. Det må derfor søkjast om dispensasjon frå arealføremålet LNF.

Tiltaket skal etablerast innanfor sikringssona til Tjukketlavatnet. Søknaden vil verta send på uttale til kommunen si avdeling for samferdsel, veg og VA for uttale.

Kommunen ber om at tilleggsmateriale vert sendt inn samla innan **15.12.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin

mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Olav Kåre Tykhelle

Mongstadvegen 162 A    5955    LINDÅS